



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18. desember 2023

## Eksportfinansiering Norge (Eksfin) – tillegg til tildelingsbrev for 2023

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) viser til Stortingets vedtak av 15. desember 2023 om endringer i statsbudsjettet for 2023, jf. Prop 25 S og Innst. 123 S (2023-2024).

NFD sender med dette Stortingets vedtak om endringer i bevillinger og fullmakter.

### 1. Endringer i bevillinger

(i mill. kroner)

Kap.	Post	Beskriving	Endring	Ny saldering 2023
<b>2429</b>		<b>Eksportkredittordninga</b>		
	90	Utlån	+7 100	13 100
<b>2460</b>		<b>Eksportfinansiering Norge</b>		
	57 (ny)	Tapsavsetjing for investeringar i og eksport til Ukraina	+126	126
	90	Utbetaling ifølge trekkfullmakt – Alminneleg garantiordning	+420	820
<b>5329</b>		<b>Eksportkredittordninga</b>		
	70	Gebyr m.m	+6	26
	90	Avdrag på utestående fordringar	+1 180	9 980
<b>5629</b>		<b>Renter frå Eksportkredittordninga</b>		
	80	Renter	+140	970
<b>5460</b>		<b>Eksportfinansiering Norge</b>		

Postadresse  
Postboks 8090 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@nfd.dep.no

Kontoradresse  
Kongens gate 8  
www.nfd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
912 660 680

Avdeling  
Handelspolitisk  
avdeling

Saksbehandlar  
Torstein Tofte  
22 24 64 23

	50 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing for Garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring	+60	60
	53 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing under Luftfartsgarantiordninga	+300	300
	77	Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina	-1	0
	78	Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med høge straumprisar	-9,55	0,045
	90	Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning	+5 890	8 640

#### Kap. 2429 Eksportkredittordninga

##### *Post 90 Utlån*

Bevillinga er auka med 7 100 mill. kroner til 13 100 mill. kroner.

#### Kap. 2460 Eksportfinansiering Norge

##### *Post 57 (ny) Tapsavsetjing for investeringar i og eksport til Ukraina*

Stortinget har løyva 126 mill. kroner til tapsavsetjing ifm. unntaket for kravet om bankmedverking i Ukraina i perioden 2024 til 2027.

##### *Post 90 Utbetaling ifølge trekkfullmakt – Alminneleg garantiordning*

Løyvinga har blitt auka med 420 mill. kroner til 820 mill. kroner.

#### Kap. 5329 Eksportkredittordninga

##### *Post 70 Gebyr m.m*

Løyvinga har blitt auka med 6 mill. kroner til 26 mill. kroner.

##### *Post 90 Avdrag på utestående fordringar*

Løyvinga har blitt auka med 1 180 mill. kroner til 9 980 mill. kroner.

#### Kap. 5629 Renter frå Eksportkredittordninga

##### *Post 80 Renter*

Løyvinga har blitt auka med 140 mill. kroner til 970 mill. kroner.

#### Kap. 5460 Eksportfinansiering Norge

##### *Post 50 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring*

Det er løyva 60 mill. kroner i tilbakeføring av tapsavsetjinga for Garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring.

*Post 53 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing under Luftfartsgarantiordninga*

Det er løyva 300 mill. kroner i tilbakeføring av tapsavsetjing under Luftfartsgarantiordninga. Dei resterande 3,7 mrd. kronene i tapsavsetjinga skal blir overført til NFD.

*Post 77 Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina*

Løyvinga har blitt redusert med 1 mill. kroner til 0 kroner.

*Post 78 Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med høge straumprisar*

Løyvinga har blitt redusert med 9,55 mill. kroner til 45 000 kroner.

*Post 90 Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning*

Løyvinga har blitt auka med 5 890 mill. kroner til 8 640 mill. kroner.

**Om tilbakeføringane og tapsfondet**

Me ber om at Eksfin i 2023 overfører 300 mill. kroner frå tapsavsetjinga til Luftfartsgarantiordninga (kap. 5460, post 53) og 60 mill. kroner av tapsavsetjinga under Garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring (kap. 5460, post 53) til Nærings- og fiskeridepartementet sitt kontonummer 7694.05.18896. Dei 3,7 mrd. kronene frå tapsavsetjinga under Luftfartsgarantiordninga som skal overførast til NFD for oppfølging av låna til Norwegian skal bli overført til 7694.05.69458. Vidare ber me om at midlane til tapsfondet under U-landsordninga (kap.2460, post 57) blir henta gjennom arbeidskontoen.

## **2. Endring i regelverk for U-landsordninga ifm. Ukraina**

Regjeringa har bestemt at Eksfin skal kunne risikoavlasta 100 pst. kommersiell risiko for investeringar i og eksport til Ukraina for perioden 2024 til 2027. Stortinget har løyva 126 mill. kroner for å ivareta den høgare risikoen tiltaket inneber. Dersom det blir utbetalingar på engasjement i Ukraina der Eksfin dekker 100 pst. kommersiell risiko skal slike utbetalingar fyrst trekka på opparbeida kapital i ordninga og deretter grunnfondet dersom det ikkje er tilstrekkeleg fondskapital. Dersom slike utbetalingar overstig 126 mill. kroner skal det overskytande bli utbetalt frå tapsfondet. Denne endringa i regelverket vil tre i kraft 1. januar.

Med helsing

Nina Rør (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Julie Rønning  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*